



Sudmann & Vaage Bygg Limited
Dalemarka 85
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2540 - 17/21824

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
01.11.2017

Løyve til oppføring av Oppføring av vinterhage - gbnr 1/298

Administrativt vedtak. Saknr: 290/2017

Tiltakshavar:

Ansvarleg s kjjar:

S knadstype: S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Sudmann og V ge Bygg har p  vegne av tiltakshavar Anve Reidar Krossnes s kt om oppf ring av tilbygg/p bygg opplyst med eit samla bruksareal (BRA) p  14,8 m² til sin einebustad p  gbnr 1/298 p  Flat y. Tilbygg/p bygget er ei isolert vinterstove i glass som blir eit tilbygg til bustaden i andre etasje, og skal byggjast p  eksisterande betong terrasse.

Det vert vist til s knad med vedlegg journalf rt motteke 16.10 og 27.10.2017.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 22.7 – 23.7.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Lov- og plangrunnlag:

Oppf ring av p bygg til eksisterande bustad er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a), og er s knadspliktig der det er krav om ansvarleg s kjar, jf. pbl § 20-3.

Den oms kte eigedomen er i reguleringsplanen for *Flat y Vest (arealplanid: 125619890001)*, regulert til bustadhus og garasjar.

Maks utnytting for eigedomen er 25% BYA, sidan vinterstova skal oppf rast p  eksisterande plattung, vil ikkje %BYA auke etter oms kt tiltak. Eigedomen vil ha ei utnytting p  5,57 % BYA. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

Tiltaket si plassering, h gd og avstand til nabogrense:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Bes ksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det følger av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdeplassering, og byggverket si høgde.

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstand kravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner tiltaket som vist på situasjonskart journalført motteke 16.10.2017.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2, i samsvar med vedlagte teikningar.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 16.10.2017.

Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf pbl § 23 - 1. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-3 løyve til oppføring av tilbygg/påbygg på 14,8 m² BRA/BYA på gbnr 1/298 på Flatøy som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna

ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ansvarsrett, gjennomføringsplan
Kart og teikningar

Kopi til:

Anny Bastesen

Mottakarar:

Sudmann & Vaage Bygg Limited

Dalemarka 85

5918

FREKHAUG